

# Intern evaluering av Hordaland fylkeskommune sine samarbeidsregioner

April 2016



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE





## **Innhald**

<b>1</b>	<b>INNLEIING</b>	<b>4</b>
<b>2</b>	<b>OPPSUMMERING</b>	<b>5</b>
2.1	Fleire «fundament» for samarbeidet	5
2.2	Gode resultat spesielt innan kultur og utdanning	5
2.3	Samarbeidsregionane er eit nyttig verktøy for det internasjonale arbeidet	6
2.4	Punkt til vurdering og oppfølging	6
<b>3</b>	<b>KVA FORMER FOR SAMARBEIDSRELASJONAR ER BYGD OPP?</b>	<b>7</b>
3.1	Historiske band og tradisjonar	7
3.2	Formelle samarbeidsavtalar med regionar/kommunar	9
3.3	Samarbeid med andre institusjonar	10
<b>4</b>	<b>KVA RESULTAT HAR VI OPPNÅDD?</b>	<b>11</b>
4.1	Orknøyene	11
4.2	Cardiff	12
4.3	Nedre-Normandie	13
4.4	Kaunas	14
4.5	Thuringen	15
4.6	Edinburgh	16
4.7	Gevinst for hordalandssamfunnet	17
<b>5.</b>	<b>ER SAMARBEIDSREGIONAR EIT NYTTIG VERKTØY I DET INTERNASJONALE ARBEIDET?</b>	<b>18</b>
5.1	Politisk forankring	18
5.2	Regelmessighet og forutsigbarheit	19
5.3	Administrative ressursar	19
5.4	Strategiske kvaliteter og fellestrekk	20
5.5	Vurdering	20

## 1 Innleiing

Internasjonal strategi for Hordaland fylkeskommune (2013 - 2020) har som målsetting at det internasjonale arbeidet skal bidra til:

- 1) Ei berekraftig utvikling av Hordaland som ein attraktiv og konkurransedyktig region
- 2) At ungdom får internasjonal kompetanse, erfaring og medansvar

Strategiane for å oppnå desse målsettingane er som følgjer:

1. Samarbeide internasjonalt for å løyse felles regionale utfordringar
2. Påverke rammevilkåra for hordalandssamfunnet
3. Mobilisere sentrale aktørar i Hordaland til å delta i internasjonale aktivitetar
4. Auke den internasjonale kompetansen
5. Vidareutvikle den faglege kompetansen gjennom internasjonal erfaringsutveksling

Samarbeidsregionar er eitt av fem hovudverktøy som Hordaland har for å kunne gjennomføre desse strategiane. Av handlingsplanen for Internasjonal strategi framgår det at samarbeidet med desse regionane skal evaluerast med tanke på ressursutnytting og måloppnåing og eventuelt oppretting av nye samarbeidsregionar.

Med samarbeidsregionar meinast regionar i Europa som Hordaland fylkeskommune har faste samarbeidsrelasjonar med. Hordaland fylkeskommune har signert fire generelle samarbeidsavtalar med Orknøyane 1983, Cardiff 1992, Nedre-Normandie 1993 og Kaunas 1998. I tillegg har Hordaland fylkeskommune ein avtale med Freistaat Thuringen om næringsssamarbeid og ein avtale med byen Erfurt i Thuringen om hordalandsklassar (Vg2 i utlandet). Fylkeskommunen har og eit tett, men ikkje-formalisert samarbeid med Edinburgh. Utover dette har fylkeskommunen eit tett samarbeid med andre regionar kring Nordsjøbassenget gjennom Nordsjøkommisjonen. Dette er ein politisk organisasjon som har som føremål å påverke EU sin politikk, men blir og brukt som ein arena for prosjektutvikling. Dette samarbeidet inngår ikkje i denne evalueringa.

Det er Regionalavdelinga ved seksjon for Forsking, internasjonalisering og analyse som koordinerer arbeidet retta mot samarbeidsregionane og som også har gjennomført evalueringa..

Dei spørsmåla denne rapporten skal gje svar på er::

1. Kva former for samarbeidsrelasjonar er bygd opp over tid?
2. Kva resultat har ein oppnådd?
3. Er samarbeidsregionar eit nyttig verktøy i det internasjonale arbeidet?

Rapporten er basert på dokumentgjennomgang og intervju med direktørane i dei tre avdelingane som har vore mest aktive i høve samarbeidsregionane; Kultur- og idrettsavdelinga, Opplæringsavdelinga og Regionalavdelinga. I tillegg har vi innhenta synspunkt og erfaringar frå andre tilsette i desse avdelingane som har vore involvert i dette arbeidet. Det er ikkje innhenta synspunkt på samarbeidet frå samarbeidsregionane sin ståstad. Oppsummeringar og vurderingar i denne rapporten står for evaluator si rekning.

## **2 Oppsummering**

### **2.1 Fleire «fundament» for samarbeidet**

Dei faste samarbeidsrelasjonane som Hordaland fylkeskommune har med seks europeiske regionar er basert på historiske band og tradisjonar, formaliserte avtalar med regionen og institusjonelt samarbeid. Desse er delvis overlappende.

Fem av seks samarbeidsregionar er etablert på bakgrunn av felles historie. Dette er Orknøyene, Cardiff, Nedre Normandie, Kaunas og Edinburgh. Vikingtida og 2. verdskrig har bidratt spesielt til å utvikle desse banda. Den norske sjømannskyrkja har og spela ei viktig rolle i to av samarbeidsregionane. Dei historiske banda er blitt styrka ved at Hordaland har gitt eit juletre i gåve kvart år og at politisk og administrativ leiing i fylkeskommunen har deltatt på juletretenninga. Dette er tilfelle i Edinburgh, Orknøyene og Cardiff. I Nedre-Normandie har politisk og administrativ leiing deltatt på opninga av Les Boréales-festivalen, som er den største festivalen for nordisk kultur utanfor Norden. Kaunas har kvart år invitert fylkesordføraren til Hansadagane i sin region, men dette er ikkje blitt prioritert frå politisk leiing i Hordaland. Desse arrangementa har blitt nytta som ein arena for å knytte kontaktar og utvikle fagleg samarbeid.

I tillegg til den administrative kontakten med samarbeidsregionen er det inngått samarbeidsrelasjonar med andre institusjonar i regionen. I Nedre-Normandie og Kaunas er denne kontakten formidla via regionsadministrasjonen. I dei andre regionane har det vore lite administrativ kontakt. Her har samarbeidsrelasjonane blitt oppretta via direkte kontakt med institusjonane. Konsulatet på Orknøyene og i Edinburgh har vore medverkande til dette.

### **2.2 Gode resultat spesielt innan kultur og utdanning**

Samarbeidet med dei definerte samarbeidsregionane har gitt ein gevinst for hordalandssamfunnet i tråd med Internasjonal strategi for Hordaland fylkeskommune. Dei beste resultatane har ein oppnådd innan kultur og utdanning. På kulturfeltet er det samarbeidet med Historic Scotland og University og Highland og Islands i Skottland om kulturminnevern, samarbeidet med St Magnus-festivalen og skolekonsertane på Orknøyene og avtale om kunstnarutveksling og den kulturelle skulesekken samt samarbeidet på museumsfeltet i Nedre-Normandie. Dette har gitt positive kulturelle impulsar til hordalandssamfunnet og har også gitt kunstnarar frå Hordaland moglegheiter til å opptre/visе sin kunst fram for eit større publikum.

På utdanningsfeltet har etableringa og drifta av hordalandsklassane i Cardiff, Normandie og Thuringen vore svært vellukka og det er også planar om etablering av ein hordalandsklasse i Edinburgh. Bilateralt samarbeid mellom einiskildskular og intensjonsavtalar om utveksling av elevar og lærlingar innan Erasmus+-programmet er ein tilleggseffekt av dette samarbeidet, som har gitt gode resultat i seg sjølv. Utdanningsarbeidet har gitt ungdommar i Hordaland internasjonal kompetanse, erfaring og medansvar som er spesielt viktig i ei urolig tid for Europa med skjerpa kulturelle motsetningar.

Utover dette har samarbeidsregionane gitt høve til erfaringsutveksling knytt til næringsutvikling, både når det gjeld arbeidsmetodar og utviklinga av spesielle næringer. Gjennom samarbeidet med Normandie har fylkeskommunen hatt tett kontakt med innovasjonselskapet Miriade og både Business Region Bergen, Nyskapingsparken og BTO har testet ut deira arbeidsmetodar i sitt arbeid. Den nyoppretta kontakten med Edinburgh Centre for Carbon Innovation og Marine Scotland gir også grobottn for auka læring og samarbeid. Eit vellukka prosjektsamarbeid innan næringsutvikling har fylkeskommunen kun hatt med Thuringen, der Hordaland fylkeskommune finansierte deltakinga gjennom Regionalt utviklingsprogram og Thuringen nytta midlar frå EU sine

strukturfond. Denne modellen var ikkje mogleg å vidareføre i ny programperiode i EU og samarbeidet blei derfor avslutta. Det som har lukkast er å kople på aktørar i samarbeidsregionane på prosjekt innan Erasmus+ og spesielt Aktiv Ungdom. Dette er gjort både i Normandie, Cardiff, Kaunas og Thuringen. Fylkeskommunen har også deltatt i prosjekt finansiert av EØS-midlar etter initiativ frå Kaunas. Alle desse prosjekta har bidratt til å løyse felles utfordringar i regionane.

Det kan sjå ut som om at Hordaland har hatt større gevinst av samarbeidet enn samarbeidsregionane ved at vi sender ut fleire elevar, lærlingar, kunstnarar, musistarar, etc enn det vi tek i mot sjølve. Samstundes er det ei gevinst for samarbeidsregionane i å ta i mot desse gruppene når dei sjølve ikkje har ressursar til å sende ut tilsvarande.

## **2.3 Samarbeidsregionane er eit nyttig verktøy for det internasjonale arbeidet**

Samarbeidsregionar har vist seg å vere eit nyttig verktøy for internasjonalt samarbeid når ein eller fleire av følgjande faktorar er til stades:

- At samarbeidet er politisk forankra både i Hordaland fylkeskommune og i samarbeidsregionen. Dette er aller tydelegast i Nedre-Normandie.
- At det er regelmessig kontakt både på politisk og administrativt nivå. Dette har vore enklast å få til når man har hatt årlege møtepunkt slik som juletreening i Edinburgh, Cardiff og Orknøyene og opninga av Les Boréales-festivalen i Nedre-Normandie.
- At det er administrative ressursar til å følge opp samarbeidet i samarbeidsregionen, anten gjennom samarbeid mellom fagavdelingane, eller at regionen, slik som Nedre-Normandie og Kaunas, har eit internasjonalt kontor som følgjer opp.
- At samarbeidsregionen har særeigne kvalitetar som gjer at det er attraktivt for aktørar i Hordaland å reise til denne regionen enten i form av utveksling eller andre typar av samarbeid. Språk, kultur og historie er døme på slike kvalitetar.
- At det er likskap i næringsstruktur. Det gjer det lettare å finne felles utfordringar som ein kan løyse saman eller utveksle erfaringar om. Skottland/Edinburgh og Thuringen er døme på dette.

Samarbeidet med Nedre-Normandie oppfyller flest av desse kriteria, medan samarbeidet med Kaunas tilfredsstillar berre eitt av desse. Det som held liv i samarbeidet med Kaunas er at det administrative ressursar på kvar side som formidlar kontakt mellom aktørar som er interessert i samarbeid.

Generelt kan det seiast at når det er opparbeidd tillit i relasjonen basert på nokre aktivitetar, vil dette gjere det lettare å få i gang aktivitetar på eit anna område. Dette er spesielt tydeleg for etableringa av hordalandsklassar. At det allereie var ein relasjon basert på kjennskap og tillit har gjort det lettare å etablere hordalandsklassar både i Cardiff, Nedre-Normandie og Thuringen og det har gjort det lettare å få kontakt med skolar i Edinburgh-området med tanke på å etablere ein ny hordalandsklasse der.

## **2.4 Punkt til vurdering og oppfølging**

Følgjande punkt bør vurderast nærare når ein skal ta stilling til korleis samarbeidsregionane skal nyttast i tida framover:

- Samarbeidsrelasjonar og den gjensidige tilliten som er skapt må haldast ved like for at ein skal få til samarbeidsaktivitetar med gode resultat for hordalandssamfunnet. Dette kan best gjerast gjennom politisk forankring og regelmessig kontakt.
- Aktivitetsnivået går opp og ned over tid i samarbeidsregionane, og samarbeidsaktivitetar etablerast og avsluttast. Dette er meir ein styrke ved samarbeidet, enn eit problem. Alle

samarbeidsaktivitetar bør vurderast i høve til vedtatte planar og strategiar i fylkeskommunen for å sikre at vi nyttar ressursane på dei områda som er prioriterte.

- Samarbeidsregionane viser seg å vere spesielt godt eigna til samarbeidsaktivitetar innan utdanning og kultur og erfaringsutveksling innafor fylkeskommunen sine arbeidsfelt. Samarbeidsregionane og aktørar i samarbeidsregionane kan også koplant på prosjekt som er under utvikling dersom det er relevant og nyttig.

### **3 Kva former for samarbeidsrelasjonar er bygd opp?**

Samarbeidsrelasjonane mellom Hordaland og samarbeidsregionane har ulik form og er delvis overlappende. Dei er basert på 1) Historiske band og tradisjonar, 2) Formelle avtalar og 3) Samarbeid mellom institusjonar.

#### **3.1 Historiske band og tradisjonar**

Fem av seks samarbeidsregionar er etablert som følgje av tette historiske band mellom Hordaland og regionen, og dette er følgt opp med regelmessige vitjingar knytt til arrangement i samarbeidsregionane.

##### **Orknøyene**

Orknøyene og Hordaland/Noreg har ei lang felles historie, heilt sidan vikingane busette seg på øyene utanfor nordspissen av Skottland. Norske jarlar styrde Orknøyane i fleire hundre år, noko som er synleg både i ruinar, stadnamn og språk. Det mest synlege beviset på dette er den storslåtte St. Magnus Cathedral, som blei reist for å æra helgenen Magnus Erlendsson, norsk jarl på Orknøyane på starten av 1100-talet.

Kvart år sender Hordaland fylkeskommune ein delegasjon til Orknøyene for å vere med på den tradisjonelle tenninga av juletreet utanfor St Magnus katedralen. Her deltar fylkesordførar/fylkesvaraordførar, representantar for Kultur- og idrettsavdelinga og ein internasjonal koordinator. Profesjonelle musistar/songarar frå Hordaland held ein felleskonsert i St Magnus-katedralen saman med lokale musikkrefter. Musistarane frå Hordaland held også ei rekkje skolekonsertar for elevane på Orknøyene veka før. Dette er ei gåve frå Hordaland fylkeskommune og har vore ein tradisjon heilt tilbake til 2003. Som ein del av 200-årsjubileet for Grunnlova i 2014, vitja veteranfiskebåten M/S Nybakk dei historiske tingstadane i Vesterled. Under seremonien på Orknøyene overrekte fylkesvaraordføraren ein kopi av steinkrossen som står på Gulatinget, som ei gåve frå Gulatinget til folket på Orknøyene.

##### **Cardiff**

Samarbeidet mellom Cardiff og Hordaland hadde utgangspunkt i attreisninga av Den Norske Sjømannskyrkja frå 1866 i Cardiff Bay. Dåverande fylkesordførar i Hordaland, Ole Dramdal, la ned grunnsteinen til den nyrestaurerte kyrka i 1991 og i 1992 vart kyrka opna som kultursenter på ei av dei mest sentrale tomtene i Cardiff Bay, rett ved det walisiske parlamentet og Millennium Centre. Kyrkja vart opna på nytt etter oppussing 17. mai 2011. Dåverande fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg opna i samband med dette ein ny "Hordalandsterrasse" ved kyrkja bygd med malmfuru frå Osterøy. Kyrkja er no norsk kultursenter med innslag frå Hordaland og heile Noreg i programverksemda.

På initiativ frå Cardiff Council blei det i 2011 planta eit fire meter høgt grantre utanfor kyrkja. Treet har i ettertid vore "hordalandsjuletree" i Cardiff. I samband med juletretenninga avduka fylkesordførar Tom Christer Nilsen og Mette Valle i frå Hordaland AUF ein minneplakett for hendingane 22. juli på Utøya. På minneplaketten står det: "Planta til minne om dei som mista livet i Oslo og på Utøya 22. juli 2011" – på norsk, engelsk og walisisk.

Tenning av juletree foran sjømannskyrkja Cardiff har vore ein årleg tradisjon sidan nittitallet, der juletree har vore ei gåve frå Hordaland fylkeskommune. Fylkesordførar/fylkesordførar har delteke saman med ordføraren i Cardiff. Musikarar frå Hordaland har spela på førjulsarrangementet inne i kyrkja. Denne tradisjonen med juletretenning ved sjømannskyrkja blei avvikla i 2014 på grunn av økonomiske innstramningar i Cardiff Council.

### **Nedre Normandie**

Historiske band med Noreg frå vikingtida, var grunnen til at regionen Nedre-Normandie tok kontakt med Hordaland fylkeskommune og foreslo eit samarbeid tidleg på nittitalet. I 911 måtte den franske kongen Karl avstå eit landområde til vikingen Rollo og hans hær av norrøne krigarar, på latin kalt «Normanni», eller menn frå nord. Området er i dag kjent som Normandie. Dei alliertes invasjon av Nordmandie i 1944 og Noregs deltaking der har vore med å styrkje dei historiske banda mellom regionane.

Hordaland fylkeskommune sender kvart år ein delegasjon til Les Boréales-festivalen i Normandie som er blitt ein sentral møteplass i samarbeidet mellom Hordaland og Nedre-Normandie. Les Boréales-festivalen er ein tverrestetisk festival som har fokus på nordisk kultur og er den største festivalen for nordisk kunst og kultur utanfor Norden. Delegasjonen blir leia av fylkesordførar/fylkesvaraordførar. I delegasjonen inngår minimum ein direktør og ein koordinator frå den internasjonale gruppa i Regionalavdelinga. I tillegg deltar fagpersonar etter behov.

### **Kaunas**

Byane Kaunas og Bergen har vore historisk knytt til kvarandre gjennom middelalderens hanseatiske liga og er medlem i Hansanettverket. Bakgrunnen for at Kaunas og Hordaland blei samarbeidsregionar var at nasjonale myndigheiter oppfordra norsk kommunesektor – etter Berlinmurens fall – til å starte samarbeid med lokale og regionale myndigheitar i Øst-Europa, som eit demokratiseringstiltak.

Politisk leiing har kvart år mottatt invitasjonar til Kaunas City Days og International Hanseatic Day. Ingen politikarar frå Hordaland har vore med på desse arrangementa i perioden frå 2007 og fram til i dag. I juni 2016 er Bergen vertskap for Hansadagane. Kaunas vil sende ein politisk delegasjon til Bergen og vil bli møtt av ein Hordalandspolitkar (ikkje bekrefte).

### **Edinburgh**

Plattforma for samarbeidet er juletree som Hordaland fylkeskommune har gitt i gåve til Edinburgh kvart år heilt tilbake til 1986. Denne gåva symboliserer den nære relasjonen mellom Skottland og Norge og er samstundes ein takk for den hjelpa Skottland ga Norge, og spesielt Hordaland, under den 2. verdskrigen. Sidan 2000 har juletretenninga vore ein del av Edinburgh Capital Christmas Festival. Dette er eit stort arrangement i Edinburgh sentrum med om lag 30 000 tilskodarar og ofte med oppslag i pressa om Hordaland si gåve til Edinburgh. Til denne festivalen har det kvart år reist ein delegasjon frå Hordaland fylkeskommune bestående av fylkesordførar/fylkesvaraordførar, minst ein fylkesdirektør og ein koordinator frå den internasjonale gruppa i Regionalavdelinga.

Den første norske sjømannskyrkja blei bygd i Leith i 1868, som no er ein bydel nord i Edinburgh by. Bygningane nyttast i dag av Leith School of Art. Stiftinga «Et håndslag for vår eldste



sjømannskyrkje» i Bergen jobbar for å vedlikehalde dei historiske bygningane og støtte bruken av skolen til kulturelle og sosiale tilstelningar for det norsk-skotske samfunnet i Edinburgh.

Gjennom bydelen og hamneområdet Leith, har óg Edinburgh meldt seg inn i Hansanettverket. I samband med Hansadagane i Bergen i juni 2016, planlegg Edinburgh Council eit delegasjonsbesøk leia av Lord Provost (ikkje bekrefta).

### **3.2 Formelle samarbeidsavtalar med regionar/kommunar**

Det er inngått breie samarbeidsavtalar med fire av regionane, Orknøyene, Cardiff, Nedre-Normandie og Kaunas, og spesifikke samarbeidsavtalar med Thuringen/byen Erfurt. I tillegg er det inngått egne avtalar om hordalandsklassane (vg2 i utlandet). Alle avtalar er underteikna politisk, men inneber også administrativ kontakt for å følgje opp avtalane. Det er ikkje inngått formelle samarbeidsavtalar med Edinburgh. Det har likevel vore kontakt med administrasjonen i Edinburgh Council i samband med dei årlege delegasjonsreisene og andre vitjingar.

#### **Orknøyene**

Samarbeidsavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Orkney Council blei inngått i 1983. Avtalen er ein «venskapsavtale for all framtid» og blei signert av fylkesordførar. Det var venskapsforeiningane på kvar side av Nordsjøen, Venskapsforeninga Noreg-Orknøyane (VNO) og Orkney-Norway Friendship Organisation (ONFA), som reidde grunnen for denne avtalen. Avtalen ber óg preg av å vere ein venskapsavtale med vekt på å utvikle menneskelege og kulturelle relasjonar og leggje grunnlag for auka forståing, respekt og venskap for all framtid. Avtalen utgjorde etter dette den formelle ramma kring samarbeidsaktivitetane mellom dei to regionane og utløyste etter kvart offentlege midlar til støtte for desse aktivitetane. Berebjelka i samarbeidet har likevel vore den tette og nære kontakten med ONFA, både politisk og administrativt i Hordaland fylkeskommune.

#### **Cardiff**

I desember 2000 blei det signert ein avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Cardiff Council om å utvikle samarbeid innan økonomi, utdanning, kultur, sport, ungdom, samfunn og «social exchanges». Samarbeidsavtalen vart opphavleg inngått med det dåverande South Glamorgan Council i 1993. Etter den regionale omorganiseringa på walisisk side vart det eit ønske om å halde fram samarbeidsprogrammet mellom hovudstaden i Wales, Cardiff, og Hordaland fylkeskommune. Dette vart formelt stadfesta i desember 2000.

#### **Nedre-Normandie**

Samarbeidsavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Nedre-Normandie blei første gong inngått i 1993 og revidert i 2013. Avtalen blei signert av fylkesordførar og presidenten i Nedre-Normandie. Med dette ønskte partane å gi uttrykk for ei oppfatning om at internasjonalt samarbeid og europeisk nettverk gir ein meirverdi og eit ønske om at samarbeidet skulle gjerast meir konkret. Avtalen gjeld for fem år og skal så evaluerast. I 1. januar 2016 blei Nedre-Normandie og Øvre-Normandie slått saman til ein region. Dette vil krevje nye samarbeidsavtalar mellom regionane.

Den regionale samarbeidsavtalen har fire hovudarbeidsområde: 1. Institusjonelt samarbeid, 2. Økonomisk utvikling, forskning og innovasjon, 3. Utdanning og yrkesopplæring og 4. Kultur og felles kulturarv. Maritime og marine aspekt vil bli utvikla innfor kvart av desse punkta. Det er utarbeidd ein treårig handlingsplan for samarbeidet. Denne gjekk ut i 2015.

Regionen Nedre-Normandie og Hordaland skal innanfor sine respektive ansvarsområde, oppmuntre til, støtte og utvikle prosjekt innanfor desse områda. Aktørar på alle nivå kan delta; frå lokale styresmakter til enkeltindivid og organisasjonar.

## **Kaunas**

Samarbeidsavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Kaunas by blei inngått i 1998. Avtalen blei underteikna av fylkesordføraren og ordføraren i Kaunas. Avtalen omfatta samarbeid innan utdanning, helse og sosial og kultur. Meir konkret ønskte ein samarbeid om utveksling av elevar, lærarar og administrativt personell og deltaking i EU sine opplæringsprogram. Innan helse og sosial ønskte partane å fremje samarbeid mellom medisinske institusjonar. På kulturområdet var det fokus på utvekslingsprogram for musikarar og kunstnarar samt deltaking i Youth of Europe-programmet.

## **Thüringen**

Hordaland fylkeskommune har hatt to avtalar med Thüringen, ein avtale om næringsssamarbeid med delstaten Thüringen og ein avtale om utdanningssamarbeid med byen Erfurt. Avtalen om næringsssamarbeid var basert på eit EU-programssamarbeid og blei ikkje vidareført i noverande programperiode. Avtalen om hordalandsklasse innan elektrofag blei iverksett i 2007/08 og avtalen om studiespesialiserande studieprogram blei iverksett i 2013/14.

### **3.3 Samarbeid med andre institusjonar**

Samarbeidet har vore spesielt godt forankra på regions/kommunenivå i samarbeids-regionane Nedre-Normandie og Kaunas, og samarbeidet med andre institusjonar har gått via dei. I Orknøyane, Cardiff, Edinburgh og spesielt Thüringen har det vore lite administrativ kontakt med samarbeidsregionen/kommunen, og her har samarbeidet stort sett vore på institusjonelt nivå uavhengig av administrasjonen.

#### **Orknøyene**

På Orknøyene har det utvikla seg ein tett kontakt mellom Kultur- og idrettsavdelinga og University of Highland and Islands med tanke på å utvikle eit samarbeid om kulturminnevern. Det er også direkte kontakt mellom Kultur- og idrettsavdelinga og leiinga i St Magnus-festivalen.

#### **Cardiff**

I Cardiff har det vore særst gode og sterke samarbeidsrelasjonar på utdanningsfeltet. Det var i Cardiff at den første hordalandsklassen blei oppretta, 20 år sidan. Det er tett kontakt mellom Knarvik vidaregåande skole, som er koordinatorskole, og skolane i Cardiff.

#### **Edinburgh**

I Edinburgh har Kultur- og idrettsavdelinga dei siste åra utvikla eit omfattande og langsiktig fagleg samarbeid med Historic Scotland (omfattar Edinburgh, Orknøyene og Shetland). Spesielle tema har vore formidling av «best practice» innan kulturminnevern og kulturformidling.

Hordaland fylkeskommune v/ Opplæringsavdelinga arbeider no for å opprette ein ny Hordalandsklasse i Edinburgh, med Amalie Skram som koordinatorskule. Her er ikkje Edinburgh City Council involvert, men kommunikasjonen skjer direkte med skolane.

Regionalavdelinga har sett spesielt på mogleg samarbeid innan fornybar energi og fiskeoppdrett. Det er m.a. oppretta kontakt med Edinburgh Centre for Carbon Innovation, som sender ein representant til Hordaland i slutten av april, for å sjå på potensiale for institusjonelt samarbeid knytt til klima og miljø. I forhold til oppdrettsnæringa er det oppretta kontakt med Marine Scotland. Her er det mykje å hente i form av erfaringsutveksling med sikte på å finne løysingar på felles utfordringar.

Sjølv om Edinburgh City Council ikkje har vore ein aktiv tilretteleggjar i dette samarbeidet, så er vinterfestivalen med juletretenninga nytta som eit møtepunkt og ein arena for å opprette faglege

kontaktar. Generalkonsulen i Edinburgh, som dekkjer heile Skottland, har vore ein viktig initiativtakar og formidlar i dette samarbeidet.

## **Thüringen**

Samarbeidet med Thüringen starta som eit EU-programsamarbeid i 1992. Målsettinga var å styrkje samarbeid mellom universitet/forskning og næringsliv. Partnerar i Thüringen var Technical University i Illmenau og Tmz Technologie- und Medienzentrum Erfurt. Universitetsmiljøet i Thüringen blei seinare ein viktig samarbeidspartnar på grunn av si verdsleiarande kompetanse innan optikk og sensorikk, som var nyttig for både olje- og gassnæringa, havbruk og maritim industri.

Oppfølginga av dei to Hordalandsklassane i Erfurt er basert på direkte kontakt mellom Askøy vidaregåande skole, som er koordinatorskole i Hordaland, og dei to vidaregåande skolane i Erfurt.

## **4 Kva resultat har vi oppnådd?**

### **4.1 Orknøyene**

#### St Magnus-festivalen

Sidan 2011 har Kultur- og idrettsavdelinga utvikla eit tettare samarbeid med St Magnus-festivalen med tanke på å få til eit profesjonelt samarbeid med utveksling av musikarar frå dei to regionane. Som eit resultat av dette blei St Magnus Winter Festival arrangert for første gong i 2014 i samband med juletrearrangementa.

#### Skulekonsertar

I samband med juletrearrangementa arrangerast det skulekonsertar med musikarar frå Hordaland. Dette er ei gåve frå Hordaland fylkeskommune, og har med åra kanskje blitt den viktigaste forma for kulturutveksling i samarbeidet. Musikarane lager eit spesialsydd opplegg og vitjar dei 8 grunnskulane på øyene.

#### Utveksling av elevar

Utvekslinga av elevar frå Orknøyane til Hordaland starta i 1988. To elevar frå Hordaland har kvart år gått på Kirkwall Grammar School, og to elevar frå Orknøyane har gått på Voss folkehøgskole. Ordninga har ikkje vore gjennomført sidan 2012/13, grunna stort arbeidspress (nytt skulebygg/nytt internat m.m.), Førebels er det ingen av partane som har tatt initiativ til å ta oppatt denne ordninga.

#### Anna aktivitetar

Dei siste åra har det vore tett kontakt mellom Kultur- og idrettsavdelinga og University of Highland and Islands med tanke på å utvikle eit samarbeid om kulturminnevern.

### **Utvikling i samarbeidet**

Det er samarbeidet på kulturfeltet som har vore det mest framtrudande i denne relasjonen. Administrativt er det soleis Kultur- og idrettsavdelinga som har vore mest involvert i samarbeidsaktivitetane og vitja staden oftast. Samarbeidet på dette feltet har utvikla seg frå deltaking på og støtte til kulturelle arrangement, til eit tettare fagleg samarbeid knytt til St Magnus-festivalen, skulekonsertar og kulturminnevern.

Samarbeidet med Orknøyene er prega av at det er Hordaland som hyppigast vitjar Orknøyene, både politisk og administrativt, ikkje motsett. Det har vist seg å vere tyngre å oppretthalde og vidareutvikle kontakten administrativt i Orkney Council, enn med faglege institusjonar som St

Magnus-festivalen og University of Islands and Highlands. Dette kan skuldast økonomiske innstramningar og små administrative ressursar til bruk i internasjonalt samarbeid.

### **Resultat frå samarbeidet**

- Avtalen har gjenoppliva dei historiske banda mellom Orknøyene og Hordaland, og skapt større bevissthet om regionanes knyting gjennom språk og kultur.
- Samarbeidet om kulturminnevern har bidrege til auka fagleg kompetanse hos Hordaland fylkeskommune
- Vitjinga frå musikarar frå Hordaland i samband med Vinterfestivalen har vore vellukka, og spesielt har tilbakemeldingane på skulekonsertane vore positive. Dette har og vore ei fin moglegheit til å presentera Hordaland fylkeskommune sin kompetanse når det gjeld kunst- og kulturformidling til skulen, og eit høve for musikarar frå Hordaland til å vise seg frem i ein ny region og for eit nytt publikum.

## **4.2 Cardiff**

### Utvexling av elevar

Hordalandsklassen blei starta opp i 1996. Dette var den første hordalandsklassen i sitt slag og har danna mønster for dei hordalandsklassane som er etablert i ettertid. Rundt 16-17 elevar årleg tar vg2 ved vidaregåande skular i Cardiff og Vale of Glamorgan-området. Tilbodet er koordinert av Knarvik vidaregåande skule.

### Cardiff Internatonal Drink and Food Festival

Hordaland fylkeskommune har vore representert på Cardiff International Drink and Food Festival sidan år 2000. På festivalen har ein av dei vidaregåande skolene i Hordaland som har matfag, ansvaret for ein stand. Sist gong vi fekk slik invitasjon var i 2012. Hordaland fylkeskommune har ønska å nytte denne arenaen til å gi lærarar fagleg påfyll og kontakt med potensielle læreverksemdar og samarbeidsskolar.

### Andre aktivitetar

Hordaland fylkeskommune har i fleire år samarbeidd med Cardiff Council om voluntørtenesta innanfor Aktiv Ungdom-programmet. Fleire ungdommer frå Cardiff har jobba som volontørar ved Fartøyvernsenteret i Norheimsund.

Plansjefen i Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen og kommuneplanleggjarar i Nordhordaland besøkte Cardiff i 2007 for å sjå korleis Cardiff hadde organisert planarbeidet. Med bakgrunn i denne kontakten er Hordaland fylkeskommune blitt invitert til å delta og halde innlegg om sitt planarbeid på konferansar i regi av EcoCities.

### **Utvikling i samarbeidet**

Hordalandsklassen blir omtalt av Cardiff Council som «juvelen i krona» i samarbeidet og er den einaste av samarbeidsaktivitetane som er vidareført. Dei siste to åra har Cardiff Council måtta stramme inn drifta av økonomiske årsaker. Dette har ført til at stillinga som internasjonal koordinator blei trekt inn og dei har heller ikkje kunna støtte samarbeidsarrangementa økonomisk. Som følgje av dette blei det for første gong inga offisiell juletretenning utanfor sjømannskyrkja i 2014. Hordaland fylkeskommune fekk heller ikkje invitasjon til Cardiff Food and Drink Festival i 2014. I etterkant har Cardiff Council beklaga dette og har invitert ein delegasjon frå Hordaland, med politisk og administrativ leiing, til Cardiff for å diskutere framtidig samarbeid. I invitasjonen vart opplæring spesielt nemnd som eit område dei ønskte eit utvida samarbeid på. Cardiff Council har ikkje følgd opp dette initiativet.

## Resultat frå samarbeidet

- Samarbeidet rundt Hordalandsklassen har vore ein pilot som heile ordninga i etterkant har blitt bygget ut frå. Hordalandsklassen har seinare blitt den kanskje mest vellukka forma for samarbeid Hordaland fylkeskommune har i samarbeidsregionane, og har bidrege sterkt til auka fagleg og internasjonal kompetanse i fylkeskommunen.
- Deltakinga på Cardiff Internatonal Drink and Food Festival har vore ei viktig erfaring for dei yrkesskulane som har delteke, både for elevar og lærarar på kokkelinjene. På festivalen har ein og fått profilert utvalde regionale matprodukt, produsentar og reiselivsopplevingar frå Hordaland.

## 4.3 Nedre-Normandie

### Kultur og felles kulturarv

Under Les Boréales vert det kvart år lagt inn kunstnarar og innslag frå Hordaland under vignetten «Made in Hordaland» under Hfk sitt fylkesvåpenet. Ei rekkje kunstnarar, ensemble og forfattarar frå Hordaland har delteke på Les Boréales. Munch-utstillinga i 2011 sette til dømes publumsrekord på Musée des Beaux-Arts i Caen. I tillegg har det vore store forstillingar av Carte Blanche, koproduksjonar og kunstnaropphald. Hordaland fylkeskommune gir støtte til dette tiltaket. Det har og blitt organisert Leonardo-opphald for tilsette begge vegar.

Det har blitt formalisert ei gjensidig gjestekunstnarordning mellom Hordaland og Nedre-Normandie, ei sokalla «Artist in Residence»-ordning, som omfattar unge kunstnarar som er uteksaminerte ved kunsthøgskulane i dei to regionane. På museumsfeltet har Kultur- og idrettsavdelinga lagt til rette for samarbeid mellom museum i Hordaland og museum i Nedre-Normandie. Dette har resultert i utstillinga Meeting Point Wood om bruk av tre på sjø og land frå vikingtida og fram til i dag, pluss utstillinga The Atlantic Wall som er under planlegging. Frå og med skoleåret 2013/2014 starta eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og regionen Nedre-Normandie om den kulturelle skolesekken. Gjennom denne ordninga har franske kunstnarar turnert ved skolar og kulturhus i Hordaland

### Utteksling av elevar

Rammeavtalen for utvikling av fagleg utveksling og utdanningssamarbeid mellom Rektoratet i Caen og Hordaland fylkeskommune blei signert i 2008, og blei følgt opp av avtale om «Hordalandsklassen i Nedre-Normandie» signert i november 2012. Hordalandsklassen er ei berebjelke i utdanningssamarbeidet mellom Hordaland fylkeskommune og Nedre-Normandie og har ført til større grad av bilateralt samarbeid mellom enkeltskolar i dei to regionane. Om lag 14-15 elevar tar kvart år Vg2 ved ei av skolane i denne regionen. For andre år på rad sendte Nedre-Normandie om lag 10 elevar til Voss gymnas for eit 4 vekers opphald i 2016.

### Næringsamarbeid

Det har vore ei rekkje møte og samtalar mellom Hordaland fylkeskommune og regionen Nedre-Normandie i denne perioden. I perioden 2010-2011 blei det gjort forsøk på å få i gang ein modell for prosjektutvikling og –samarbeid. Dette viste seg vanskeleg å omsetje i praksis. Det som har vore mest vellukka er erfaringsutveksling med innovasjonsselskapet Miriade. Business Region Bergen, BTO og Nyskapingsparken har nytta nokre av Miriade sine metodar i sitt arbeid.

### **Utvikling i samarbeidet**

Samarbeidet med Nedre-Normandie er det som har breiast karakter, med aktivitetar knytt til både kultur, opplæring og økonomisk utvikling. Samarbeidet på kulturfeltet har vakse og ber i stor grad

preg av gjensidighet, og det har skapt ringverknader gjennom at andre regionale aktørar har blitt koplå på samarbeidet, t.d. fleire museum. Program for utveksling av kunstnarar og samarbeid innanfor den kulturelle skulesekken er blitt formalisert. På opplæringsfeltet er det Hordalandsklassen som blir trekt fram som den store suksesshistorien. At det no også er inngått samarbeid om utveksling av elevar andre vegen, er eit teikn på det. Samstundes opnar dette moglegheiter for meir bilateralt samarbeid mellom skolane. Innafor økonomisk utvikling er det avlagt mange besøk og gjennomført mange møte for å få oversikt og kunnskap om kvarandre sine arbeidsfelt og arbeidsmetodar. Kontakten med Miriade har her vore sentral. Utover dette har det ikkje lukkast å få i gang eigne prosjekt eller aktivitetar.

### **Resultat frå samarbeidet**

- Avtalen har bidrege til å gi ny fokus og kunnskap om dei historiske banda mellom regionane, både frå vikingtida og 2. verdskrig, noko som og var grunnlaget for opprettinga av samarbeidet.
- Samarbeidet på kulturfeltet har gitt hordalandssamfunnet nye impulsar gjennom vitjingar av franske kunstnarar gjennom den kulturelle skulesekken og gjennom kunstnarutvekslinga. Kunstnarutvekslinga har samstundes gitt kunstnarar frå Hordaland moglegheit til å vidareutvikle seg gjennom eit lengre opphald i Nedre-Normandie og, ikkje minst, gjeve dei tilgong til ein fransk marknad..
- Utdanningssamarbeidet har ført til auka fagleg og internasjonal kompetanse hjå elevane i vidaregåande skole i Hordaland.

## **4.4 Kaunas**

### Utdanning

I 2007 blei det gjennomført eit prosjekt om leiarskap for endring, «Governing of Learning Organisations», som var eit samarbeid mellom Hordaland og Litauen (Vilnius og Kaunas), regionale høgskular og Universitetet i Bergen med 13 skoleleiarar i Hordaland og 15 skoleleiarar frå Litauen. Vidare har Manger Folkehøgskole tatt i mot 2-3 elevar frå Litauen kvart år over ein lengre periode.

Kaunas har og deltatt i fleire prosjekt saman med Hordaland i programmet Aktiv Ungdom, på initiativ frå Hordaland fylkeskommune, blant anna prosjekt om sosialt entreprenørskap for ungdom, kontakt på tvers av generasjonar og ungdom ekstremisme.

### Helse og sosial

Hordaland fylkeskommune har etter invitasjon frå Kaunas vore med på eller har koplå andre aktørar frå Hordaland på prosjekt finansiert med EØS-midlar med tema innanfor sosial sektor. Hordaland sitt bidrag har vore innlegg på konferansar knytt til «Active community – safe society» og «Violence against children».

### Kultursamarbeid

Kultur- og idrettsavdelinga har ikkje tatt initiativ til samarbeidsaktivitetar med Kaunas, men Hfk har gitt støtte til Grieg Ciurlionis-festivalen i Kaunas over ei rekkje år under ordninga ålmenne kulturføremål. Hfk har også gitt støtte til eit utstillingssamarbeid mellom 3,14 og Kaunas i form av ei utstilling i Kaunas med bilete av vestlandsmålarar, samt at ein i 2014 ga støtte til musikarar frå Hordaland som deltok på festivalen

### **Utvikling i samarbeidet**

Korkje Opplæringsavdelinga eller Kultur- og idrettsavdelinga har prioritert Kaunas i sitt internasjonale arbeid dei siste åra. Heller ikkje i Regionalavdelinga har det vore særskild merksemd retta mot Kaunas. Kaunas er samstundes den samarbeidsregionen som tek mest initiativ i form av å invitere politisk leiing og administrasjonen til viktige arrangement i Kaunas, i form av førespurnad om å delta som partner i prosjekt innafor EØS-ordninga eller andre EU-program, særleg innafor sosialfeltet knytt til barn og unge, og i form av å avleggje besøk for å lære korleis oppgåvene blir løyste i Hordaland.

### **Resultat frå samarbeidet**

Samarbeidet med Kaunas har først og fremst bore preg av at Hordaland har støtta opp under arrangement på kulturfeltet og deltatt som foredragshaldarar på konferansar i Kaunas. Samarbeidet må derfor seiast å ha auka den internasjonale kompetansen i Hordaland fylkeskommune og i dei kommunane som har deltatt i samarbeidsprosjekt innanfor eit område av Europa ein normalt ikkje har mykje kontakt med, og som har ein økonomisk og institusjonell verkelegheit som er annleis enn kva ein er vant til. Dette har bidratt til at ein ser på eiga arbeid og arbeidsmetodar med nye auge.

## **4.5 Thüringen**

### Næringssamarbeid

Uttekslinga av elevar, lærlingar og tilsette har vore ein grunnpilar og plattform for samarbeidet mellom Hordaland og Thüringen. Technical Universitet i Ilmenau og Europa Service Buro har vore aktive partnarar. Samarbeidet eksisterer framleis og har i alle år vore prega av gjensidigheit.

Avtalen om næringsutvikling mellom Freistaat Thüringen og Hordaland fylkeskommune var basert på ein modell der samarbeidsprosjekta blei finansiert innafor ramma til EU sine strukturfond og Regionalt utviklingsprogram i Hordaland. 13 andre regionar og land i Europa inngikk i samarbeidet. Hordaland blei på denne måten kopla på eit fagleg sterkt og omfattande industrinettverk i Europa i eit ubyråkratisk prosjektsamarbeid. Totalt blei 9 prosjekt gjennomført, 3 av desse blei avslutta i 2014.

### Utteksling av elevar

Ordninga med Hordalandklassen i Erfurt innan elektrofag, blei iverksett skoleåret 2007/08. Erfurt blei vald fordi delstaten Thüringen hadde ein velutvikla industri og fordi fylkeskommunen allereie hadde eit samarbeid med Thüringen på næringssida. Ramma for avtalen er 8 elevar kvart år. I 2013/14 blei det iverksett ei tilsvarande ordning for studiespesialiserte utdanningsprogram. Om lag 6 elevar frå Hordaland har reist kvart år etter oppstart.

### **Utvikling i samarbeidet**

Ein har aldri hatt ein formell avtale med Thüringen, men har likevel hatt mykje samarbeid innan mobilitetsutvekslinga av elevar, lærlingar og tilsette og næringssamarbeidet, som utvikla seg frå dei første industrielle samarbeidsprosjekta i 1992 til modell for næringssamarbeid innafor ramma til EU sine strukturfond og Regionalt utviklingsprogram i Hordaland. Etter overgangen til ny programperiode i 2013, er modellen som næringssamarbeidet med Thüringen er basert på, ikkje lenger gyldig. Samarbeidet på dette feltet er difor ikkje vidareført og kontaktnettet er delvis blitt utdatert. Kontakten med Europa Service Büro i Thüringen og Technische Universitet har vist seg å vere ein stabil relasjon. Det som skjer av aktivitet i dag utover hordalandklassane, blir gjennomført i samarbeid med byrået og Technische Universitet. Denne kontakten er i stor grad prega av gjensidigheit. Dette samarbeidet var og medverkande til etableringa av Hordalandklassen i Erfurt.

## Resultat frå samarbeidet

- Gjennom samarbeidet om nærings- og innovasjonsprosjekt har Hordaland fått meir kunnskap om problemstillingar som har vore viktige for næringsaktørane i regionen. Dette var særskilt vellukka i perioden 2009-14. I tillegg har ein fått viktig erfaringsutveksling innan viktige næringsområde for Hordaland.
- Gjennom intensjonsavtalar Technical University i Ilmenau og Europa Service Büro i Thüringen har det vore stor aktivitet med utveksling av tilsette i forvaltning og næringsliv, lærlingar og elevar. Dette samarbeidet har auka den internasjonale og faglege kompetansen i Hordaland, retta inn mot sektorar regionane har til felles.
- Elevane som har tatt vg2 i Erfurt har fått auka fagleg og internasjonal kompetanse.

## 4.6 Edinburgh

### Adventskonsert

Konserten er eit samarbeid mellom Det norske generalkonsulatet og Hordaland fylkeskommune og er blitt arrangert i St Giles Cathedral sidan 1997. Musikarar frå Hordaland opptre saman med musikarar frå Skottland.

### Kultursamarbeid

Kultur- og idrettsavdelinga dei siste åra har utvikla eit omfattande og langsiktig fagleg samarbeid med Edinburgh City Council og Historic Scotland (omfattar Edinburgh, Orknøyene og Shetland). Spesielle tema har vore kulturminnevern, kulturformidling, bibliotek «best practice» og sport og idrett i samband med folkehelsesatsinga.

### Utteksling av elevar

Hausten 2015 var Opplæringsavdelinga i Edinburgh for å diskutere avtale om Hordalandsklasse, og ein arbeidar vidare i 2016 for å få på plass en formell avtale. Stiftinga «Et håndslag for vår eldste sjømannskirke» jobbar for å få til utvekslingar av lærarar og studentar ved kunstsolen til Norge, med støtte frå Hordaland fylkeskommune.

### Næringssamarbeid

Skottland har mykje den same næringsstrukturen som Hordaland og same utfordringar. Skottland blir derfor sett på som ein svært interessant samarbeidspartnar for Hordaland fylkeskommune og Regionalavdelinga. Hausten 2015 initierte konsulatet i Edinburgh felles faglege møte om fornybar energi og marine næringer. Partane jobbar no med å vidareføre dialogen for å skape ein plattform for meir samarbeid på området.

## Utvikling i samarbeidet

Samarbeidet med Edinburgh har i hovudsak handla om den årlege vinterfestivalen. Dei siste to-tre åra er det bygd opp eit samarbeid med Historic Scotland knytt til felles historie og kulturminnevern. Strategien Kultur- og idrettsavdelinga jobbar etter er å trekkje med seg regionale aktørar i dette samarbeidet, slik som Museum Vest, KODE og Universitetet i Bergen. I tillegg er Riksantikvaren ein sentral part. Ei rekkje mobilitetsstipend er gitt over Leonardo-programmet, der t.d.

Fylkesbiblioteket har tett samarbeid med Edinburgh Public Library. Det er ønskjeleg å inngå ein intensjonsavtale om vidare samarbeid mellom desse partane.

Hausten 2015 dro ein større delegasjon frå Hordaland, som hadde nyttige møte om samarbeid innan energi, marine næringer og opplæring. Dette ynskjer ein å byggje vidare på i 2016.

## Resultat frå samarbeidet



Samarbeidet med Edinburgh Council har blitt ein dørøpnar for samarbeid med Skottland som eit heile, og har ført til følgjande:

- Samarbeid med Historic Scotland med fokus på felles utfordringar og mulegheiter innan kulturminnevern, som det skal arbeidast vidare med i dei komande åra.
- Etablering av nyttige kontaktar energi og marin næringsutvikling som no er under oppfølging.
- Samarbeid om etablering av ein ny hordalandsklasse i Edinburgh. Ordninga kan truleg starte opp skuleåret 2017/2018.

#### **4.7 Gevinst for hordalandssamfunnet**

Samarbeidsaktivitetane har gitt ein klår gevinst for hordalandssamfunnet i tråd med målsettingane i Internasjonal strategi for Hordaland. Hordalandsklassane og det bilaterale samarbeidet mellom vidaregåande skolar i Hordaland og i samarbeidsregionane har bidratt til at ungdom i Hordaland får internasjonal kompetanse, erfaring og medansvar. Det er også oppretta hordalandsklassar i andre regionar, som Missouri i USA og Balboa i Ungarn, men dette ligg langt tilbake i tid og blei gjort på initiativ frå dei einskilde skulane. Alle nye hordalandsklassar er oppretta i ein samarbeidsregion, slik som Nedre-Normandie, Thuringen og no muligens også i Edinburgh, etter modell av hordalandsklassen i Cardiff. At det allereie er etablert samarbeidsrelasjonar med regionen og opparbeidd eit tillitsforhold over mange år, har gjort det lettare å få til eit samarbeid om hordalandsklassane. I kjølvannet av dette har det vist seg enklare også å få til bilateralt samarbeid mellom enkeltskolar.

Samarbeidet har gjort det enklare å utvikle prosjekt med aktørar frå samarbeidsregionane innan EU-programmet Aktiv Ungdom som gir uformell læring til ungdom og ungdomsleiarar i Hordaland. Intensjonsavtaler om samarbeid innan Erasmus+ er også inngått som resultat av dei kontaktane som er etablert gjennom samarbeidet.

Delegasjonsreiser og vitjingar til samarbeidsregionane har auka den internasjonale kompetansen til politisk leiing og administrasjonen. Den faglege kompetanse har auka gjennom møte med fagetatar og institusjonar som jobbar innanfor fylkeskommunen sitt arbeidsfelt. Regionalavdelinga og Kultur- og idrettsavdelinga har trekt med seg andre aktørar i Hordaland for å kopla desse aktørane med tilsvarende organisasjonar i samarbeidsregionane, har også gitt ei kompetanseheving for hordalandssamfunnet som heilskap.

Samarbeidet på kultursida med både Edinburgh, Orknøyene og Nedre-Normandie har bidrege til å gjere Hordaland kjent utanfor Noregs grenser, både gjennom museumssamarbeid knytt til felles historie, utstillingar og konsertar der musikarar frå Hordaland har opptredd. Juletrearrangementa i seg sjølv er også med på å profilere Hordaland. Samstundes har samarbeidet bidrege til at kunstnarar og musikarar frå samarbeidsregionen har fått kome til Hordaland og bli kjend med Hordaland, både gjennom den kulturelle skolesekken, kunstnarutveksling og utstillingar. Alt dette vil truleg også bidra til å auke Hordaland sin attraktivitet både i høve til turisme og tilflytting. Desse aktivitetane har også gitt gevinst for den einskilde kunstnar som har fått nye scener og nytt publikum å vise sin kunst fram for.

Innafor næringsutvikling har desse samarbeidsrelasjonane ikkje gitt tilsvarende gevinst. Unnataket er nærings- og innovasjonsprosjekta som Hordaland har hatt i samarbeid med Thuringen og delvis Kaunas. Desse har bidrege til å løyse felles utfordringar. Erfaringsutveksling med innovasjonselskapet Miriade i Nedre-Normandie og utprøving av deira arbeidsmetodar i Hordaland gjennom Business Region Bergen, BTO og Nyskapingsparken er også døme på dette.

Det er totalt budsjettert med 540 000 kroner i budsjettet for 2016 under Ymse kunstføremål til dette samarbeidet, herunder internasjonalt kultursamarbeid i samarbeidsregionane (180 000

kroner), kulturavtale Nedre-Normandie (210 000 kroner) og juleprosjekt Orknøyene, Edinburgh og Cardiff (150 000 kroner). Koordinatorskulane – skulane som har ansvaret for å følge opp elevane som tar Vg 2 i utlandet – får gjeldande elevsats for elevane da disse er registrert som elever ved koordinatorskolen og har dei same rettighetene som elevane som tar Vg 2 i Norge. Koordinatorskulane set av ressursar til ein koordinator i budsjettet. Gjennomsnittleg brukar koordinatorene 30% av stillinga si til oppfølging av elevane i utlandet. Utgifter knytt til vedlikehald av samarbeidsrelasjonane blir belasta avdelingane sine driftsbudsjett.

Hordaland har større gevinst av samarbeidsaktivitetane der ein sender ut elever, lærlingar, kunstnarar eller fagpersonar enn samarbeidsregionane har; Det er fleire kunstnarar og musikarar som blir sendt til samarbeidsregionane for å opptre enn det er som blir sendt andre vegen. Det er fleire elevar/lærlingar og fagpersonar som er sendt til samarbeidsregionane med midlar frå Leonardo-programmet/Erasmus+ enn det er som kjem frå samarbeidsregionane til Hordaland, med unnatak for Thuringen. Hordalandsklassane i Cardiff, Thuringen og Nedre-Normandie er fram til no ei ein sidedig utveksling av elevar. Det betyr ikkje at Hordaland fylkeskommune ikkje mottar delegasjonar eller elevar, lærarar, administrativt tilsette, kunstnarar og musikarar frå samarbeidsregionane, men det er i mindre omfang enn det vi sender ut, både tidsmessig og tal personar. Delvis kan dette forklarast med at Hordaland har vore offensive og har tatt initiativ til samarbeidsaktivitetar og delvis ved at mange av samarbeidsregionane har måtta stramme inn drifta av økonomiske grunnar. Nedre-Normandie og Kaunas skil seg noko ut, førstnemnde fordi det er ei politisk prioritering å satse på samarbeidsregionane og Kaunas ved at dei har tilgang til EØS-midlar som med anna kan nyttast til reiser, konferansar og andre tiltak. Samstundes er det ein gevinst for samarbeidsregionane å ta i mot elevar, lærlingar, kunstnarar og musikarar frå Hordaland når dei sjølve ikkje har økonomiske ressursar til å sende ut tilsvarende grupper.

## **5. Er samarbeidsregionar eit nyttig verktøy i det internasjonale arbeidet?**

Gjennomgangen viser at i nokre regionar har ein klart å utvikle samarbeidsaktivitetar med gode resultat for hordalandssamfunnet, mens i andre regionar har dette vore vanskelegare. Kva er suksessfaktorane for eit vellukka samarbeid? Hadde man fått til det same utan faste samarbeidsrelasjonar?

### **5.1 Politisk forankring**

Forankring av samarbeidet på politisk nivå både i Hordaland fylkeskommune og i samarbeidsregionen har vore ein styrke i fleire av relasjonane. Den samarbeidsregionen kor den politiske forankringa har vore sterkast er Nedre-Normandie. Samarbeidet med Hordaland har vore ei tydeleg bestilling frå presidenten og har vore følgd tett opp av visepresidenten, med spesielt ansvar for det internasjonale arbeidet. Administrasjonen har dermed fått klare forventingar retta mot seg når det gjeld måloppnåing. Kaunas er eit anna døme på ein region kor samarbeidet med Hordaland og andre samarbeidsregionar har høg politisk prioritet, og den politiske merksemda mot dette feltet er stabilt høgt. Både Nedre-Normandie og Kaunas er regionar som ofte tek initiativ til nye samarbeidsaktivitetar. Frå Hordaland si side er det samarbeidet med Nedre-Normandie som er blitt prioritert frå politisk hald dei siste 8 åra, med hyppige invitasjonar og vitjingar begge vegar, medan Kaunas har vore nedprioritert. Dette gjenspeglast i aktivitetsnivået og dei resultatane som er oppnådde i dei to relasjonane.

På Orknøyene har det politiske engasjementet frå Hordaland si side vore stort og dei har deltatt på mange arrangement på Orknøyene også utanom juletretenningane. Ordføraren på Orknøyene har vore vertskap, men har ikkje lagt føringar på eigen administrasjon i høve til å utvikle

samarbeidsaktivitetar. Det er den norske venneforeininga og konsulatet som har følgd opp samarbeidet. I Edinburgh og Cardiff har den politiske involveringa vore avgrensa til dei årlege juletretenningane, med få eller ingen gjensittar. Ordføraren i Edinburgh er no invitert til Hansadagane av fylkesordføraren, som direkte oppfølging av førre møte i Edinburgh. Dette kan gje grobotn for eit tettare samarbeid. Konsulatet i Edinburgh og sjømannskyrkjene i Edinburgh og Cardiff har vore med å halde kontakten vedlike. I Thuringen har det ikkje vore direkte kontakt på politisk nivå.

Høg politisk forankring på begge sider er ein suksessfaktor. Dette har gitt seg utslag i klåre forventingar til administrasjonen med omsyn til aktivitetar og resultat. Utan dette blir samarbeidsrelasjonen meir sårbare for utskiftingar i administrasjonen.

## **5.2 Regelmessighet og forutsigbarheit**

Ein delegasjon frå Hordaland, leia av fylkesordfører/fylkesvaraordfører, har deltatt på dei årlege vinterfestivalane (juletretenningane) på Orknøyene, i Edinburgh og i Cardiff, og på Borealesfestivalen i Nedre-Normandie. På denne måten blir kontakten med samarbeidsregionen oppretthalde på ein føreseieleg og regelmessig måte. I delegasjonen frå Hordaland deltar minst ein fylkesdirektør, ein internasjonal koordinator, fagpersonar i avdelingane og eventuelt andre regionale aktørar. Samarbeidsregionen stiller opp med representantar på same nivå. Dette gjer det mogleg med møte og samtalar på alle dei ulike nivåa, noko som gjer det lettare å utveksle erfaringar og å diskutere og planlegge samarbeidsaktivitetar. Festivalen i seg sjølv med formelle mottakingar legg ei høgtideleg råde rundt besøket, samstundes som det gjev høve til å byggje nettverk. Politisk leiing i samarbeidsregionen fungerer som døropnar i høve til andre institusjonar og organisasjonar.

I samarbeidsregionar utan eit slikt fast arrangement, slik som Thuringen og Kaunas, har det vist seg mykje tyngre å oppretthalde kontakten og byggje nye nettverk.

## **5.3 Administrative ressursar**

Administrativ forankring har gjort det enklare å få i gang samarbeidsaktivitetar og samarbeidsprosjekt. Gode administrative kontaktar har vist seg viktige for å kunne få i gang aktivitetar i tida mellom dei meir formelle vitjingane. Tett kontakt mellom fageiningane innan kultur og utdanning i regionane har vore særskild viktig for å utvikle og vedlikehalde samarbeidet. Nedre Normandie og Kaunas har og internasjonale einingar som tek i vare kontakten med samarbeidsregionane. Delstaten Thuringen er medeigar i Europa Service Bureau.

Kontaktnettverket som er bygd opp i samarbeidsregionane har kome til nytte i samband med partnersøk innanfor ulike EU-program. Både Thuringen og Kaunas har deltatt som partnerar i prosjekt under Thuringen-modellen og i Interregprosjekt som Enable og Ecoregions og i Interreg-søknader som HUMAN og TALENTS. På grunn av det etablerte samarbeidet kjente partane kvarandre og visste kva dei stod for.

Hordaland fylkeskommune har i den nye programperioden i EU (2014- 2020) inngått intensjonsavtale med alle samarbeidsregionane, med unnatak av Orknøyene og Edinburgh, om utveksling av elevar, lærarar og andre fagpersonar innanfor Erasmus+. Det betyr ikkje at ein ønskjer å sluse alle inn i eit praksisopphald i samarbeidsregionane, men det at det allereie låg ein samarbeidsavtale i botn har gjort det enklare å få til intensjonsavtalar på dette området. Kontaktpersonane i samarbeidsregionen har gått i bresjen og oppretta kontakt med mottakarorganisasjonar. Dei siste to åra er det sendt elevar/lærlingar både til Nedre-Normandie, Cardiff og Thuringen med midlar frå Leonardo-programmet og seinare Erasmus+.

Kontaktnettene i samarbeidsregionane har òg blitt nytta aktivt for å finne partnerar til Aktiv Ungdom-prosjekt, koordinert av Hordaland fylkeskommune. Dette er som regel ungdomsorganisasjonar som samarbeidsregionen har formidla kontakt med. Cardiff, Kaunas, Thuringen, Edinburgh og Nedre-Normandie har alle deltatt i Aktiv Ungdom-prosjekt.

## 5.4 Strategiske kvaliteter og fellestrekk

Det som har gjort Nedre-Normandie til ein attraktiv samarbeidspartnar for Hordaland på kulturfeltet, er at regionen har kunst- og kulturliv, museum, høgskolar og kunstsenter med høg kvalitet. Utvekslingsordninga for elevar har blitt populær på grunn av fransk språk og kultur. Det betyr at det er særtekk ved regionen som har gitt gevinsten av samarbeidet.

Det same kan seiast om hordalandsklassane i Cardiff og Thuringen. Moglegheiten til å lære seg det engelske og tyske språket og kvaliteten på utdanninga gjer tilboda attraktive for elevane.

Kulturavdeling har hatt eit tett samarbeidet med Edinburgh og Orknøyene med utgangspunkt i Historic Scotland, og har ynskjer om å vidareutvikle samarbeidet om den felles kulturarven regionane har.

Grunnen til at nærings- og innovasjonsprosjekta med Thuringen har vore svært vellukka er at næringslivet og forskingsinstitusjonane i dei to regionane «matcha» kvarandre og at aktørane hadde felles behov.

Ein siste suksessfaktor er difor at samarbeidsregionen har strategiske kvalitetar som gjer at vi hauster gevinst av samarbeidet eller at Hordaland og samarbeidsregionen har likheitstrekk som gjer at dei to regionane har felles interesser og behov.

## 5.5 Vurdering

At samarbeidsregionar er eit av hovudverktøya i den internasjonale strategien til Hordaland fylkeskommune er basert på ei antaking om at det vil gje auka utbytte å satse på nokre utvalde regionar i det internasjonale arbeidet framfor å kunn samarbeide med andre regionar frå sak til sak. For å få maksimalt utbytte av ein samarbeidsregion er det viktig at samarbeidet er politisk forankra, at det er regelmessige møte på politisk og administrativt nivå, at det er administrative ressursar i regionen som kan ivareta den løpande kontakten og at samarbeidsregionen har kvalitetar og særtekk som er viktige for Hordaland og at det er strukturelle likheitstrekk. Jo fleire av desse faktorane som er oppfylte, jo enklare er det å få gode resultat av samarbeidet.

Det er ingen av samarbeidsregionane som oppfyller alle desse (sjå tabell 1).

	Politisk forankring på begge sider	Regelmessige vitjingar	Administrative ressursar	Strategiske kvalitetar	Likskap i næringsstruktur
Edinburgh	x	x		x	x
Cardiff		x		x	
Orknøyene	x	x		x	
Nedre-Normandie	x	x	x	x	
Kaunas			x		
Thuringen			x	x	x

Den samarbeidsrelasjonen som tilfredsstiller flest av desse kriteria er samarbeidet med Nedre-Normandie. Samarbeidet innan utdanning og kultur har vore svært vellukka, men innan næringsutvikling er det lite resultat. Dette skuldast langt på veg at næringslivet i dei to regionane er svært ulike. Det har difor vore vanskeleg å finne gode koplingspunkt eller felles behov. Frå og med 1. januar 2016 er Nedre og Øvre Normandie slått saman til ein region, Normandie, med tre millionar innbyggjarar. Øvre Normandie har ein heilt annan næringsstruktur enn Nedre Normandie. Det kan difor tenkjast at det er mogleg å få eit betre samarbeid på dette feltet i tida framover.

Kaunas er det andre ytterpunktet. Det som held dette samarbeidet i live er at det er administrative ressursar på begge sider som formidlar kontakt mellom aktørar som er interessert i samarbeid.

Thuringen har mykje den same næringsstrukturen som Hordaland, regionen har særne kvalitetar og administrative ressursar har vore tilgjengeleg, men samarbeidet har ikkje vore politisk forankra i Thuringen og det har ikkje vore regelmessig kontakt mellom partane. Dette samarbeidet er no avslutta. Det er utdanningssamarbeidet som er berebjelka i samarbeidet no.

Generelt sett vise gjennomgangen at når det er etablert eit tillitsforhold i relasjonen og ein allereie opparbeidd erfaringar med å samarbeide med kvarandre, er det lettare å få til fleire aktivitetar og aktivitetar på andre område. Spesielt gjeld dette etableringa av hordalandsklassane. Dersom det ikkje hadde eksistertein fast samarbeidsrelasjon, ville det truleg vore vanskelegar og kanskje heller ikkje mogleg å få etablert eit samarbeid om dette. Dette i seg sjølv gjør samarbeidsregionar til eit viktig verktøy.

Gjennomgangen viser også at samarbeidsrelasjonane og den gjensidige tilliten må haldast ved like for at det skal vere mogleg å utvikle nye aktivitetar. Politisk forankring og regelmessig kontakt vil kunne bidra til dette. Dette har ein fram tid til no lukkast med ved å etablere faste møtepunkt knytt til arrangement i samarbeidsregionane, slik som juletretenningane og opninga av Les Boréales-festivalen i Nedre-Normandie, der delegasjonen frå Hordaland har blitt leia av fylkesordførar/fylkesvaraordførar.

Over tid har aktivitetsnivået gått opp og ned i dei ulike samarbeidsregionane og samarbeidsaktivitetar har blitt etablert og avslutta. Dette er meir enn fordel enn eit problem. I den internasjonale strategien er det understreka at det internasjonale samarbeidet skal vere ein integrert del av fylkeskommunen sin innsats for å utvikle hordalandssamfunnet. Det er difor viktig at samarbeidsaktivitetar blir vurdert i høve til vedtatte planar og strategiar og at dei bidrar til å dei måla som er fastsette. Så lenge man held samarbeidsrelasjonane ved like, kan dei aktiverast når behovet for nærmare samarbeid oppstår.

Samarbeidsregionane har vist seg spesielt godt eigna til samarbeidsaktivitetar innafor utdanning og kultur og til erfaringsutveksling innafor fylkeskommunen sine øvrige arbeidsfelt. Det har vist seg vanskeleg å utvikle samarbeidsprosjekt innafor næring og klima og miljø med utgangspunkt i ein samarbeidsregion. Andre arenaer kan vere meir føremålstenleg for prosjektutvikling og då først og fremst Nordsjøkommisjonen. Det som ein har lukkast med er å kople på aktørar frå samarbeidsregionane i ein prosjektutviklingsfase når det har vore aktuelt fordi vi allereie kjenner deira behov og interesser.





Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5  
Postboks 7900  
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

April 2016